



Andreas Hundvin

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/6081 - 14/18286

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

14.08.2014

Løyve til flytting av eksisterande avkjørsle - gbnr 56/13 - Hundvin

Teknisk drift syner til e-post datert 14.08.2014 vedkommande søknad om løyve til å flytte eksisterande avkjørsle, gbnr 56/13 Hundvin.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til å flytte eksisterande avkjørsle på gbnr 56/13, Hundvin, på følgjande vilkår (standard krav):

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming av avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100 (tidlegare handbok 017). Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle, samt at ein skal snu på eigen grunn. Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Ytterligere informasjon vedkommande tekniske krav til avkjørsle finn ein på www.lovdata.no (Veglova samt forskrifta (FOR-1964-07-16 nr 3905)) og www.vegvesen.no (vegnormal N100).
- Det ligg føre stadfesting av semje om ny avkjørsle. Avtalen må tinglysast.
- Avkjørsla skal være plassert som vist på vedlagt situasjonskart datert Teknisk drift, VVA, 14.08.2014. Teknisk drift har plassert avkjørsla under føresetnad om at strømsøle vert flytta slik at den kjem minst mogleg i konflikt med avkjørsla .
- Eksisterande avkjørsle skal fysisk stengas ved at det langs kommunal veg vert opparbeida ei grøft med ei bredde på minimum 0,75m.

Vi gjer merksam på at opparbeiding av avkjørsle er søknadspliktig tiltak hos byggesak.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», samt vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Revidert situasjonskart gbnr 56-13

Kopi til:

Kjetil Eikefet
Lindås kommune ved byggesak

Mottakarar:
Andreas Hundvin